



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato
28.11.2014
Dykkar dato
25.06.2014

Vår referanse
2014/8087 561
Dykkar referanse
13/7395

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til søknad om overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn og Hodnaberg kraftverk

Fylkesmannen meiner at fjellområda rundt Torfinnsvatn har store verdiar som regionalt viktig friluftsområde og at konflikt med friluftsliv og landskap er undervurdert i søknaden. Vi rår frå å gi konsesjon til meir utbygging i området.

Vi viser til søknad om overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn for å auke produksjonen i Hodnaberg kraftverk. NVE arrangerte synfaring i området 2. oktober. Fylkesmannen har fått høyringsfrist til 28. november.

Overføringa vil gi auka produksjon i Hodnaberg kraftverk på 13,6 GWh. Midlare årsproduksjon i kraftverket er i dag 94,5 GWh. Vassdraga i området har vore regulert over lang tid. Torfinnsvatnet vart så tidleg som i 1932 overført frå Vossovassdraget til Hamlagrøvatnet i Bergsdalsvassdraget. Gjennom seinare utbyggingar vart og deler av nedbørsfeltet som tidlegare gikk til Fykkesundet i Kvam, overført til Bergsdalsvassdraget.

Om tiltaket

Det er lagt fram to ulike trasear for overføring, 1 og 2, og to ulike metodar for overføringstunnel, tradisjonell tunelldriving og grovhullsboring. Alternativa har ulike anleggstekniske og driftsmessige utfordringar, og vil gi ulike konsekvensane på landskap, opplevingsverdi og fisk. Dette er diskutert i søknaden.

Trase 1 er søkjar sitt hovudalternativ. Det skal byggjast 5 m lang demning i vestre ende av Svartavatnet, noko som vil føre til at elva ned mot Songrøvatnet vert tørrlagt i øvre del. På årleg basis vert vassføringa her redusert med omlag 70 %, og eit fosselandskap vert berørt. Vatnet vert teke inn frå austre ende av Svartavatnet i ein 1300 m lang tunell med opningsareal på 16 m². Det vil kome ut i sørenden av Torfinnsvatn (kalt Blindtarmen), her vatnet vil gå i eksisterande elveleie og i open kanal 100 – 400 m. Det er planlagt å arrondere innløpsbekken i Svartavatn og utløpsbekken i Torfinnsvatn slik at dei vil fungere betre som gytebekk og oppvekstområde for ungfisk. Det vil vere trong for mellombels veg mellom tunnell og tippområde for overskotsmassar, som er planlagt ved fjellskrent i dalføret inst i Blindtarmen. Det er rekna med 22 400 m³ overskotsmassar, og permanent deponiområde på 3 dekar. Vegen vil ta 1,5 dekar.

Trase 2 kjem ut lenger nord langs Torfinnsvatnet og er om lag 100 m lenger enn trase 1. Overskotsmasser skal plasserast under naturleg vasstand utafør utløpsholet. Dersom ein nyttar grovholsmetoden vert det mindre massar. Desse skal etter planen pumpast ut i Torfinnsvatn eller resirkulerast i eit eller fleire basseng.

Fylkesmannen forstår søknaden slik at tiltaket vil føre til at vasstanden i Torfinnsvatn vil stige med omlag 2,9 m, men kan ikkje sjå av søknaden korleis dette vil endre seg i høve til dagens reguleringsregime. Dette burde vore diskutert i samband med temaet landskap og friluftsliv.

Konsekvensanalysen i søknaden viser *middels negativ konsekvens* for landskap og friluftsliv. For dei andre tema er det *liten* eller *ubetydeleg konsekvens*.

Fylkesmannens merknader

Det er mange hytter ved Hamlagrø og Hodnaberg. Reguleringsområdet har stor verdi for friluftsliv, og vert nytta av store befolkningsgrupper i Bergensregionen gjennom heile året. Til tross for store inngrep frå tidlegare kraftutbygging har området fortsatt mange kvalitetar og stor opplevingsverdi. Overføring av Svartavatn vil føre til at fosselandskapet i dalsida ned mot Songrøvatn vert råka. Opplevingsverdien både her og i sørenden av Torfinnsvatnet vil bli påverka på negativt vis.

Fylkesmannen meiner konsekvensanalysen undervurderer konsekvensane for landskap og friluftsliv. Vi trur det vil opplevast som svært negativt om energistyresmaktene opnar for meir kraftutbygging i området rundt Svartavatn og Torfinnsvatn.

Trase 1 vil gi større landskapsinngrep enn trase 2. Landskapsrommet heilt sør ved vatnet har stor betydning. Det ligg og ein støl her, som vil få sine nærområde redusert. Plassering av overskotsmassar, bygging av kanal i elva og mellombels veg fram til deponiområdet, vil til saman gi negative verknader på landskap. Dagens fiskebestand er basert på utsettingar. Uansett val av løysing er det viktig å legge til rette for naturleg reproduksjon, ved å oppretthalde og eventuelt skape nye gyteplassar. Fylkesmannens legg til grunn at NVE vil ivareta dette omsynet. Bruk av borehullsteknikk vil truleg vere det beste, då det gir langt mindre overskotsmasser og mindre synlege innslagspunkt. Ein må vurdere om tiltaket vil krevje handsaming etter forureiningslova.

Det høge presset på bygging av vassdraga våre gjer det nødvendig å sjå på samla belastning. Søkjar nemner si eiga søknad om overføring av Krokavatn til Torfinnsvatn som er på høyring parallelt med denne, og i tillegg søknad om overføring av Møyåni som vil kome på høyring i 2015. Dette prosjektet er ein av fleire nye utbyggingssaker i Bergsdalen. Det er viktig å sjå alle i samanheng.

Overføringa gir berre marginal auke i Hodanberg kraftverk. Vi viser til det store samla presset på vassdragsnaturen i Bergsdalsfjella. Fordelen ved tiltaket ikkje etter vår oppfatning ikkje stort nok til å opne for utbygging.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner fordelane ved tiltaket ikkje store nok til at det kan gis konsesjon til overføring av Svartavatn til Torfinnsvatnet, og frarår meir utbygging i området.

Fylkesmannen meiner konflikt med friluftsliv og landskap er undervurdert i søknaden, og viser til at fjellområda rundt Torfinnsvatn har stor, regional friluftsverdi. Trase 2 er å minst konfliktfylt av foreslåtte alternativ.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernshjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Kvam herad	Grovagelet 16	5600	Norheimsund
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Voss kommune	Postboks 145	5701	Voss
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	Dalekvam